

Jobbar for sykkelvarsling

LINDÅS: Hordaland Venstre lovar å jobba for at me skal få tunnelar med sykkelvarsling i fylket.

Av Livar Aksnes
livar@strilen.no

– Me las saka i Strilen om han som ville ha varsling når det er syklistar i tunnelar, og det tykte me i Hordaland



Venstre var ei så god sak at det vil me jobba for å få realisert, seier Anne-Beth Njærheim (bildet).

Njærheim er førstekandidat for Hordaland Venstre ved fylkestingsvalet i haust. Ho har funne ut at det vil kosta rundt 400.000 kroner for kvar tunnel å få til eit varslingssystem som fortel at der er syklistar inne i ein tunnel.

I Strilen


Strilen skreiv om saka 5. august. Det var Geir Stene som vart intervjuet om saka. Han ville at Mundalsberg-tunnelen skal få eit system med varselys som fortel at der er syklistar inne i tunnelen. Stene fortalde om farlege situasjonar når han sykla gjennom tunnelen, mellom anna med stor vogntog som laga dragsug når dei passerer. Han viste til Geitskar-tunnelen i Troms, der dei har fått eit slikt varslingssystem.

Forsøksordning

Njærheim lovar at Venstre sin representant i samferdselsutvalet i fylket vil ta saka opp som eit spørsmål alt i første møte, og at dei etter valet vil jobba for å få pengar til slik varsling i budsjettet for neste år.

– Og sidan saka har vore reist i Lindås, kan godt Mundalsberg-tunnelen verta ein forsøksstunnel, der ein prøver ut ordninga, seier Njærheim.

Det skal vera to ulike metodar for varsling, men begge kostar om lag 400.000 kroner for kvar tunnel, seier Njærheim.



BABYAR: Disse muslingebabyane får Frode Tufta til å jubla.

13 nye babymuslingar

MELAND: Frode Tufta har ei gladnyheit frå Mjåtveitelva. I vår vart det funne larver i gjeller på fisk i elva. Og no er desse vorte til 13 nye babymuslingar.

Av Anne-Lise Nordpoll
anne@strilen.no

– Dette betyr at det enno er

håp for elvemuslingen i Mjåtveitelva, seier ein entusiastisk Tufta på telefon til Strilen.

Både i fjor og i år er det fanga inn aure i Mjåtveitelva for å undersøka om fisken har larver i gjellene som kan dyrkast fram til elvemuslingar.

I fjor vart det funne larver som vart dyrka fram til åtte små muslingar. Desse muslingane har blitt dyrka fram under gode forhold i Austevoll.

– Muslingane veks veldig seint, så dei er framleis små, men dei som vart dyrka fram i fjor ser ut til å klara seg greitt, seier Tufta, og fortel at det i mai i år vart fanga inn ca. 50 aure frå Mjåtveitelva.

Denne gongen fann forskarane fleire larver, og siste melding frå muslingehotellet i Austevoll er at dei no har 13 babymuslingar og 8 litt større muslingar.

– Målet er å tilbakeføra dei eldste muslingane til elva neste år. Mjåtveitelvens venner samarbeider tett med Universitetet i Bergen og Professor Per Johan Jakobsen på muslingehotellet på Austevoll, seier Tufta, som gjerne vil dela bilde av muslingebabyane med Strilen sine lesarar.

PUSSE OPP? BESØK NORGES STØRSTE

BOLIGMESSE

I VESTLANDSHALLEN 4. - 6. SEPT.

FREDAG KL. 12-19 LØRDAG KL. 10-18 SØNDAG KL. 10-17 VOKSNE KR 100,- HONNØR/STUDENT KR 50,- BARN U/16 GRATIS

HEDALM ANEBYHUS

JAKTEN PÅ BOLIGDRØMMEN

MØT OPP OG DELTA I ÅRETS STORE MESSEKONKURRANSE PÅ BOLIGMESSEN

VINN HUS OG GARASJE FOR 1.3 MILLIONER KRONER

La din boligdrøm bli virkelighet - hedalm-anebyhus.no

MØT SINNASNEKKER'N

BOLIGMESSE.NO
FØLG OSS PÅ FACEBOOK
FØLG OSS PÅ INSTAGRAM